



Møtebok
Styremøte 11.05.09
Stad: Quality hotell Vøringsfoss
Klokka 12.00 – 14.00

Møtte:

Arne Kleppa, Marta Finden Halset, Sigbjørn Hauge, Hans Sæter og Arne Bergsvåg.

Forfall: Nils Gjerland, Inge Børslie, Ingeborg Søyland, og Arnstein Menes.

Andre:

Leiv Vambheim, dagleg leiar og Sølvi Lambrechts, sekretær

Roald Bergsaker og Harald Løland – prosjektarbeidarar i Prosjekt Rute 13.

Styremøtet starta med eitt minutt stille minne om styremedlem Bjørn Lothe som døydde brått 30.04.09.

Sak 05/09 Prosjektet Rute 13 - Prioriterte oppgåver.

Harald Løland og Roald Bergsaker orienterte kort om situasjonen for Rute 13:

- Diktarvegkonferansen var ein suksess. Diktarvegen opna for andre typar samarbeidspartar og slike tiltak vil vera viktig for å nå nye grupper med informasjon om Fjordvegen/Rv 13.
- Det er halde møte med Hordaland Fylkeskommune, som oppmodar om å senda ny søknad til HFK om midlar til 2009.
- Det er sendt nytt brev om møte med Sogn og Fjordane Fylkeskommune, etter samrøystes vedtak i S&F F om stamveg Vinje -Vangnes/Hella vonar ein på at dei vert med. Ventar svar og S&F si deltaking i Rute 13 bør ver avklara før ferien 2009.
- Stortingsbenken i Rogaland hadde møte med Nord-Rogaland-delegasjonen i Oslo. Det er sentralt liten fokus på Rv 13. Her har me ein jobb å gjera. IS Fjordvegen treng møte med næringsorganisasjonane og itersseorganisasjoar som Noregs Lastebileigarforbund.
- Det er viktig å spela på lag med fylkeskommunane for å nå gjennomslag for Rv 13.
- Rogaland ventar på at dei andre fylkeskommunane vert med på finansiering av Rute 13. Det vil vera avgjera framdrifta av utviklinga av Rv 13. Då kan Rute 13 satsa tyngre for rekruttering av støtte for Fjordvegen/ Rv 13.
- Næringsanalysen for IS Fjordvegen må vera grunnlag for den vidare argumentasjonen for å satsa på regionane langs Fjordvegen/Rv 13.
- Konklusjon: Når Fylkeskommunane er med i Rute 13 , så er det vilje frå prosjektansvarleg og prosjektleiar til å jobba vidare prosjekt Rute 13.

Vedtak:

1. Styret i IS Fjordvegen viser til saksutgreiinga og held fram handlingsarbeidet med Prosjekt rute 13 i tråd med nye handlingsområde.
2. Styret i IS Fjordvegen er svært godt nøgde med resultatata så langt og ber Roald Bergsaker halda fram som prosjektansvarleg og Harald Løland i Sauda Vekst halda fram som prosjektleiar i Rute 13.

Sak 06/09 Årsmøtet 2008 – Framlegg til årsmelding, rekneskap, arbeidsplan, val.

Vedtak:

1. Årsmøtet 2009 vert halde 19.06.09 klokka 12.00 på Kviknes hotell i Balestrand , Sogn.
2. Styret tilrår Årsmøtet å vedta Årsmelding 2008 og Rekneskap for 2008 slik dei ligg føre.
3. Styret tilrår Årsmøtet at kontingentane for 2010 vert uendra.
4. Styret tilrår at Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg arbeidsplan for 2009/10
5. Styremedlemmene avklarar med sine område framlegg til val på Årsmøte

Sak 07/09 Fast post:

Gjennomgang av status for RV 13.

Rogaland:

- Sandsfjord bru, finanseringsplanen, skal til Fylkestinget i Rogaland og Suldal kommunestyre.
- Rassikring ved Osberget har ikkje avklara massedeponeringa.
- Statens Vegvesen arbeider f.t. i samråd med kommunane Strand og Hjelmeland om endeleg traseval på rasstrekninga langs Tysdalsvatnet. Det er m.a. skissert fleire alternativ langs Årdalsfjorden. Stipulert kostnad vil vera tilnærma lik her som å utbetra eksisterande strekning langs Tysdalsvatnet og Målandsdalen – ca 700 mill.

Hordaland:

- Vossapakka vert vedteken i Stortinget i vår. Mogeleg også godkjenning av forlengja tunnel ved Granvinsvatnet.
- Spleiselag om punktvis utbetring i Bratlandsdalen har kan no løysast.
- Dagleg leiar har vore i møte med utviklingskomiteen i Odda for å setja fart på planarbeidet med Oddadalen.


Sogn og Fjordane:

- Vikafjellsvegen skal vera døgnopen frå hausten 2009 men me ventar på tunnelen. Utbetringa vert punktvis utbetra.
- Strekninga Vik-Vangsnes kan utvidast ved at Statkraft treng stein til nyplastring av damanlegg. Her kan Statkraft og Statens Vegvesen samarbeida. Finansiering av planarbeidet er ball mellom statsinstitusjonar.
- Stamvegstatus for Rv 13 Vik -Vangsnes/Hella er no samrøystes støtta av S&F Fylkeskommune og er på veg i Stortinget.
- Mobildekning på Vikafjellet jobbar Voss og Vik kommunar med.

Vedtak:

IS Fjordvegen må gjera ei undersøking om status for kvite flekkar for mobildekning langs TRv 13..

Neste styremøte vert på Kviknes hotell 19.06.09 klokka 09.00.


Leiv Vambheim
Referent